



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

Arkivsak: 2007/568-25

Arkiv:

Saksbehandlar: Per Dagsgard

Dato: 25.07.2013

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
96/13	Formannskapet	27.08.2013
49/13	Skjåk kommunestyre	05.09.2013

Framtidig eigarforhold og drift av vegen Tuva - Sota

Saksutgreiing

Vegen Tuva Sota har i dag status som privat veg og det er det heileigde kommunale aksjeselskapet Skjåk utbyggingsselskap som eig og driftar vegen. Kommunestyret vedtok dette i sak 19/2003 og i same vedtaket bad kommunestyret om at interessentar i området blir invitert til aksjeteikning.

I kommunestyremøte 27.06.2013 vart det gjeve ei orientering og situasjonen i dag. Med bakgrunn i dei utfordringane selskapet står overfor med drifta av vegen dei siste vintrane, er den økonomiske situasjonen til selskapet alvorleg. Så lenge selskapet har ansvaret for drift av vegen er dette ei sak styret må ta seg av. Her er det to val, enten å stenge store deler av vinteren eller å auke bomavgifta dramatisk.

I kommunestyret vart det drøfta framtidig eigarforhold til vegen. Kommunen må ta stilling til om dette fortsatt skal vera ei kommunale oppgåve eller om selskapet skal avviklast/vegen overførast til andre.

Adminstrasjonen vart bede om å leggja fram ei sak om dette etter sommarferien.

Vurdering.

Rådmannen meiner at det i prinsippet bør kommunen drive med primæroppgavene sine. Budsjettsituasjonen i kommunen er slik at ein må vurdere alt kommunen nyttar ressursar til. Sjølv om vegen skal vera sjølffinansierande når det gjeld vedlikehald, blir det nytta administrative ressursar som kunna ha vore nytta til dei oppgavene kommunen må ta seg av etter lovverket. Ut frå dette hadde det vore best om vegen hadde kome over på dei som har størst interesse i vegen. Dersom dette skal gjerast bør vegen rustast opp til ein forsvarleg standard før andre overtek. Det er sett opp eit kostnadsverslag for kva som bør gjerast, som eit minimum. Dette er kostnadsrekna til kr. 2,5 mill kroner.

Kommunestyret (som generalforsamling) drøfta i møtet i juni om det kunne settast ned ei nemnd for å få til ei avvikling av det kommunale engasjementet. Rådmannen støttar dette og vil be kommunestyret oppnemne denne.

Rådmannen si innstilling

Kommunestyret oppnemner følgjande arbeidsgruppe til å sjå på framtidig eigarforhold og drift av Sotvegen:

1. (leiar)
- 2.
- 3.
- 4.

Rådmannen peikar ut sekretær frå administrasjonen.
Grappa legg fram sitt forslag innan

Vedtak i Formannskapet - 27.08.2013

Formannskapet vedtek at det blir oppretta ei arbeidsgruppe.
Medlemmer blir oppnemnt av kommunestyret.

Samrøystes

DRØFTINGSSAK I STYRET FOR SKJÅK UTBYGGINGSSELSKAP – VIDARE DRIFT AV SOTVEGEN.

Bakgrunn for møtet:

Felles møte mellom Lidar velforening, Skjåk kommune/Skjåk utbyggingselskap og Skjåk almenning 06.05.2013 og møte i arbeidsgruppa for Sotvegen seinast 15.02.13. Desse møta har konkludert med at det bør settast opp eit kostnadsoverslag for opprusting av vegen og at ein ut frå dette lager ein finansieringsplan. På fellesmøtet 06.05.2013 såg deltakarane for seg desse måla:

1. Ruste opp vegen
2. Nedklassifisere vegen frå kommunal veg

I 2007 fekk kommunen inn anbod på kr. 4 mill + mva for opprusting av vegen og legging av fast dekke

Seinare har ein kome fram til at ein kan sløyfe fast dekke. Her er det med berre ein nøktern standardheving av dagens veg med hovedvekt på tilpassing til dei utfordringane vi har fått dei seinare åra som følgje av klimaendringane.

Kostnadsoverslaget kan da bli slik:

Grøfting av vegen. 12.600 m a kr. 50,-	Kr. 630.000,-
Ekstra grøfting ved Randsverkgrove og ny kulvert	” 150.000,-
Heving av vegen 1000 m veg a kr. 300,-	” 300.000,-
Nye stikkrenner 23 stk a kr. 7.000,-	” 210.000,-
Nye stikkrenner større røyr 5 stk a kr. 20.000,-	” 100.000,-
Tilrettelegging med varmekabler	” 30.000,-
Forlenging av grøfter nedstrøms stikkrenner	” 50.000,-
Oppgrusing Tuva – Liavassosen 5800 m a kr. 90,-	” 522.000,-
Oppgrusing Randsverkgrove – Sota 3500 m a kr. 90,-	” 315.000,-
Tiltak ved ferista ved Liavassosen	” 75.000,-
Rekkverk sør for Dyringskleive, 100 m a kr. 600,-	” 60.000,-
Sum kostnader:	Kr. 2.442.000,-
25% m.v.a.	” 610.000,-
Sum inkl m.v.a.	<u>Kr. 3.052.000,-</u>

Saka vart drøfta på styremøte 12.06.2013.

Styret meiner at kommunestyret som generalforsamling bør drøfte den økonomiske situasjonen i selskapet og vidare drift.

Det bør settast ned ei nemnd som ser på opprusting, finansiering og seinare nedklassifisering av vegen.

Økonomisk situasjon 1. halvår 2013.

Isgraving, tining og strøing	kr. 251.980,-
Brøyteutgifter (ikkje motteke rekning)	ca « 50.000,-
Faste utgifter og nødvendig vedlikehald	30.000,-
Salting (ikkje utført)	ca « <u>30.000,-</u>
Sum	<u>Kr. 361.980,-</u>

Driftskonto:	Kr. 130.000
Stipulerte bominntekter:	<u>« 160.000,-</u>
Sum	<u>Kr. 290.000,-</u>

Lånekostnader:

Lånebeløp	3000000	1500000	1000000
Rente	6 %	6 %	6 %
Avdragstid	20 år	20 år	20 år
Årleg bet	261554	130777	87185

Faste kostnader i 2012

Strøm	Kr. 4.000,-
Snøbrøyting	« 85.000,-
Rekneskap, revisjon	« 14.000,-
Utgifter bom	« 20.000,-
Støvbinding	« 30.000,-
Tilsyn og tining	« 30.000,-
Sum faste utgifter	<u>Kr. 183.000,-</u>

Inntekter stipulert med dagens satser: 300.000,-

Ved heving av vegstandarden vil utgifter til vedlikehold gå ned.

Maks lånebeløp bør ikkje overstige 1 mill.

Det beste hadde vore om ein kunne få til i finansiering av opprustinga og at vegen blir nedklassifisert.

VEGEN SOTA - MYSUBYTТА.

TUVA - LIAVASSOSEN. 5820 METER.

- * **Vegsjefen i Oppland** kjem med ei vurdering som, i brev til kommunen dagsett 17/8-1981 bl.a. foreslår nedklassifisering av Fylkesvegen Tuva - Liavassosen.
- * **Sak 341/81 i Skjåk formannskap og sak 127/81 i Skjåk kommunestyre.** Skjåk kommune går imot omklassifiseringa, og brukar som press at kommune allereie har kommunalveg frå Liavassosen - Sota, sjøl om vegsjefen skriv at denne vegen er privat.
- * **1986 - fylkestingsvedtak 17/1986** fylkesveg Tuva - Liavassosen blir nedklassifisert til kommunal veg.

LIAVASSOSEN - SOTA. 6840 meter.

- * **27.april 1954**, setereigarane på Brennsetra, Sota og Mysubytta sender skriv til Skjåk kommunestyre og ber om at det blir sendt søknad statstilskot for å få istand vegen Liavassosen - Sota.
- * **Sak 22 a og b/1955 i Skjåk kommunestyre.** Herredsstyret søker Landbruksdepartementet om kr.25.000,- i statstilskott til setervegen, "*- og garanterer overfor Landbruksdepartementet for vegens framtidige vedlikehold.--*".
- * **Sak 123/1955 i Skjåk kommunestyre** løyver nødvendige midler til disposisjon for arbeidet. Arbeidet skal skje under kontroll av vegvesenet. Arbeidet kosta kr.126.739,-, herav er kr.50.000,- dekt med statstilskott. **Vegen er godkjend som seterveg av Statens vegvesen 5.september 1959.**
- * **Fylkesmannen godkjenner i skriv 14.mars 1959**, Skjåk kommunestyres garanti for det framtidige vedlikehold for setervegen Liavassosen - Sota. Forutsetningen for at kommunen kan garantere for vedlikeholdet er at setereigarane med tinglyst erklæring gjev frå seg det framtidige vedlikeholdet av vegen. (Dette blir ikkje gjort.)
- * **Sak 61/1966 i Skjåk kommunestyre.** Skriv frå dei interesserte w/Olav Sperstad vedkomande vedlikeholdet av vegen Liavassosen - Sota. Kommunestyret vedtek å søkje vegen overført til fylket.
- * **Sak 54/1967 i Skjåk kommunestyre.** Interimstyret for Handspikvegen i Skjåk søker om at kommunen set i stand vegstrekninga Liavassosen - Sota slik at ein evt. søknad til fylket om å overta vedlikeholdet av vegen kan føre til eit positivt resultat. Kommunestyret vedtek å ta på seg dei utbetringar som måtte forlangast for at fylket skal overta vegen, og under forutsetning av at Handspikvegen blir bygd.
- * **6/8-1968.** Møte på Skjåk almenning der sætereigarane på Sota, Mysubytta og Brennseter er innkalla saman med Skjåk almenning og Skjåk kommune. Det blir konkludert med at kommunestyret skal fatte vedtak om det framtidige vedlikeholdet, med bakgrunn i

fylkesmannens skriv av 14. mars 1959 til formannskapet.

- * **Sak 73/1968 i Skjåk kommunestyre.** Sætervegen Liavassosen - Mysubytta. Kommuneteknikaren blir bedt om å hjelpe til med og organisere vedlikeholdet av vegen. Kommunestyret har ikkje innvendingar mot at det vert oppsett bom med bomavgift.
- * **Sak 81/1968 i Skjåk kommunestyre.** Vedtak om at under føresetnad av at sætereigarane samtykkjer i at det blir oppsett bom og at dei er viljuge til å betale bomavgift på lik line med andre trafikkantar, så er kommunen viljug til å administrere vedlikeholdet og eventuelt søkje oppteki lån til istandsetjing av sætervegen. Lånet blir i så fall å tilbakebetale ved bomavgift.
- * **Sak 31/1969 i Skjåk formannskap.** Det blir vedteke å setja opp 2 stk bommar - 1 ved Liavassosen og 1 ved Sota. Avgift kr 5,- for personbil og traktor og kr.10,- for buss og lastebil. Skjåk almennings fjelloppsynsmann skal stå for tømning av kassene. Sætereigarane skal foretaka delvis kontroll.
- * **Fylkestingets vedtak i møtet 5.juli 1971.** Etter søknad til fylkesmannen i Oppland om opptak av vegen Liavassosen - Sota som fylkesveg. Fylkestinget avsla søknaden. Det blir gjort merknader til at vegens status er noe uklar, men at den tener i hovedsak seterdrift og turistinteresser.
 - **Sak 341/81 i Skjåk formannskap og sak 127/81 i Skjåk kommunestyre.** Skjåk kommune går imot omklassifiseringa, og brukar som press at kommune allereie har kommunal veg frå Liavassosen - Sota, sjøl om vegsjefen skriv at denne vegen er privat.
 - 1981? Bommen ved Liavassosen blir fjerna av kommunen da rådmannen meiner det er kommunal veg.
 - 1983. Kommunestyret (19/03) nedklassifiserer vegen til privat veg frå 01.07.2003. Skjåk utbyggingsselskap (100% kommunalt aksjeselskap) blir vegeigar. Bom blir sett opp att og bompengar innført.

KONKLUSJON.

Tuva - Liavassosen er offentlig veg som frå 1986 er nedklassifisert frå fylkesveg til kommunal veg.

Liavassosen - Sota er kombinert seter- og turistveg som kommunen utan nærare vedtak i kommunestyret har fått vedlikeholdet av med bakgrunn i garantiar gjeve til vedlikeholdet. Formell tinglyst overdraging har aldri skjedd frå setereigarane til kommunen. Bomveg 1969 - 1981? Etter at bommen vart riven har kommunen kosta brøyting og vedlikehold. Skjåk almenning er grunneigar.

Sota - Mysubytta. Bomveg sidan 1969. Organisert av dei som er med i vegen av setereigarane på Mysubytta. Fungerer som privat seterveg. Skjåk almenning er grunneigar.

LØYVINGAR SEINARE ÅR.

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 24.04.2008

Kommunestyret løyver inntil kr. 750.000,- til sikringsarbeid i Kleiva.
Skjåk kommune overtek strekningen Tuva – Liavassosen som kommunal veg.
Administrasjonssjefen får fullmakt til å bestemme dato for overtaking.
Løyvinga blir teke frå næringsfondet og overført 3230-430-3331 Prosjekt 227

Skjåk almenning gekk i 2008 inn med ei løyving på kr. 300.000,- som vart nytta til oppfresing av fast dekke på vegen.

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 24.09.2009

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 373.000,- til ny bomstasjon og ekstra løyving til sikring av Dyringskleive.
Løyvinga blir teke frå næringsfondet og overført budsjettkto 3230-430-3331 Prosjekt 227.
Evt. tilskot til prosjektet frå fond som er oppretta i samband med Breheimen blir da å føre attende til næringsfondet.

SOTVEGEN VINTEREN 2013

